

Aslaug M Jørgensen Brekke
Søre Marikoven 64
5302 Strusshamn

Dato: 11.12.2018
Vår ref.: 2018/17187-2
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Gjeld krav om instruksjon til Statens vegvesen

Vi viser til dykkar brev av 02.12.18, der de krev at fylkeskommunen gjev instruks til Statens vegvesen.

Dersom de må, eller ønskjer, å krysse ein annan grunneigar si tomt for å kunne nytte ei avkøyrsløse, er det i så fall ei sak mellom dykk og den aktuelle grunneigaren. Fylkeskommunen eller Statens vegvesen kan ikkje påleggje ein grunneigar å la andre nytte si tomt.

Dersom grunneigar eventuelt gjev dykk løyve til å krysse si tomt, kan de søkje Statens vegvesen om å nytte eksisterande avkøyrsløse. De kan eventuelt søkje om å byggje ny avkøyrsløse dersom det er aktuelt.

Vedtaket gjort av Statens vegvesen kan påklagast innan tre veker av part eller annan med rettsleg klageinteresse. Slike klager skal sendast til Statens vegvesen, som kan gjere om vedtaket eller oppretthalde det. I saker der Statens vegvesen opprettheld vedtaket, vert ei eventuell klage sendt til den fylkeskommunale klagenemnda, som gjer endeleg vedtak.

Hordaland fylkeskommune er ikkje part i byggesaka som de viser til. Dykkar anførsler om ulovlege tilhøve må difor eventuelt takast opp med dei de meiner har gjort seg skuldig i lovbrøt, eller med politiet.

Vi kan ikkje sjå at de i dykkar brev viser til eit konkret høve der Statens vegvesen har fråskrive seg sitt ansvar, og vi vil difor ikkje instruere Statens vegvesen slik de ber om i denne saka.

Rolf Rosenlund
Seksjonsleiar
e. f

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.